



Hjelmås VVS AS  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4759 - 15/28889

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
08.09.2015

## Løyve til tiltak - avlaupsanlegg på gbnr 244/11.

**Administrativt vedtak. Saknr: 376/15**

**Tiltakshavar:** Marina Isdal  
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av anlegg for utslepp av gråvatn frå fritidsbustad på gbnr 244/11. Anlegget består av tett leidning til sjø utan reinsing. Leidningen skal førast ut på 15 meter djupne.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.08.2015.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.08.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. Tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Arealføremålet i sjø er bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.

Når det gjeld utføring og plassering av tiltaket er det gjort greie for følgjande:



- Tiltaket ligger på egen grunn
- Tiltaket vil ikke gi varige sår i naturen, da det ikke vil bli sprengt i fjell, og alle ledninger vil graves ned i jord og sand og dekkes til.
- Tiltaket vil ikke være til hinder for landbruket, da ledninger går direkte til sjø i front av vår eiendom og derved ikke kommer i kontakt med naboeiendommer (landbruksseiendommer og andre).

Administrasjonen vurderer at tiltaket slik det er søkt om, ikkje er i strid med arealføremålet og at det ikkje vil setja omsynet til verken LNF-føremålet eller strandsonenevernet til side. Det er lagt til grunn for vurderinga at tiltaket ligg på eigen grunn, at det ikkje vil gje varige spor i naturen eller vil vanskeleggjera ei gjennomføring av gjeldande plan, jf skriv frå KMD datert 10.06.2015.

Tiltaket ligg også i ytterkanten av registrert faresone brann-/eksplosjonsvern som markerer faresona rundt verksemda omfatta av storulukkeforskrifta. Administrasjonen kan ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med omsynsna/faresona då det gjeld eit mindre tiltak på bebygd eigedom heilt i ytterkant av sona. Bruken av eigedomen vil ikkje verta endra som følgje av tiltaket.

#### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 19.06.2015.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 08.09.2015.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk. Eigen søknad må sendast Bergen og Omland Havnevesen.

### **VURDERING**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

#### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Hjelmås VVS AS**, org.nr. 988 410 586, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**. Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for SØK.

Føretaket **Hjelmås VVS AS**, org.nr. 988 410 586, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) og utførande (UTF) for arbeidet**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Utsleppsleidningen skal førast ut i sjøområde med registrert verdi som friluftsområde, jf kartlagte friluftsområde i naturbasen. Område er vidare registrert med artar med nasjonal forvaltningsinteresse, merka måsar i naturbasen. Kommunen vurderer at det omsøkte tiltaket er av ein slik storleik og art at det ikkje kjem i konflikt med dei registrerte interessene i området.

#### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsleidning for gråvatn i samsvar med søknad mottatt 03.08.2015 og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.06.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 08.09.2015.
4. Tiltaket er avhengig av løyve etter hamnelova. Naudsynt løyve skal liggja føre før arbeidet vert starta opp.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARSSOMRÅDE
SØK	Hjelmås VVS AS	988 410 586	L	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Hjelmås VVS AS	988 410 586	S	1	Prosjekterande for arbeidet
UTF	Hjelmås VVS AS	988 410 586	S	1	Utførande for arbeidet

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4759

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.6	Basisgebyr – separat avlaupsanlegg	1	Kr 3 400,-
10.2.9b	Godkjenning av ansvarsrett per føretak utan sentral godkjenning	1	Kr 2 500,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Marina Isdal	Johan Hjortsvei 43	5081	BERGEN
Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN

## Mottakarar:

Hjelmås VVS AS	Leknesvegen 183	5915	HJELMÅS
----------------	-----------------	------	---------